



Rapport frå arbeidsgruppe

April 2021



Innhald

| | |
|--|-----------|
| 1.0 Prosjekt campusutvikling | 4 |
| 1.2 Det vidare arbeidet med campusutvikling for campus Stord | 4 |
| 2.0 Campusutvikling campus Stord..... | 5 |
| 2.1 Kunnskapsgrunnlag | 5 |
| 2.2 Nøkkeltall Campus Stord..... | 6 |
| 2.3 Verkstad juni 2020 | 7 |
| 2.4 Informasjonsmøte september 2020..... | 8 |
| 2.5 Mandat for campusutvikling campus Stord | 8 |
| 2.6 Arbeidsgruppa | 9 |
| 2.7 Arbeidsgruppa sine forslag til tiltak | 9 |
| 3.0 Prosjektgrupper..... | 14 |
| 3.1.1 FHS Problemstillingar..... | 14 |
| 3.1.2 Forslag tiltak frå FHS | 14 |
| 3.2.1 FLKI Problemstillingar | 16 |
| 3.2.2 Forslag tiltak frå FLKI | 17 |
| 3.3.1 Problemstillingar frå administrativ prosjektgruppe..... | 18 |
| 3.3.2 Forslag til tiltak frå administrativ prosjektgruppe..... | 18 |
| 4.0 Tilsett- og studentperspektiv | 20 |
| 4.1 Arbeidsmiljø for tilsette | 20 |
| 4.2 Studentperspektiv | 21 |
| 5.0 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL..... | 22 |
| 5.1. Universitetsprosjektet..... | 22 |
| 5.2 Livslang læring | 22 |
| 5.3 Studieportefølje og studietilbod | 22 |



| | |
|--|-----------|
| 5.4 Berekraft og miljøsatsingar..... | 23 |
| 5.5 Bygg og uteområde ved campus Stord | 23 |
| 6.0 Eksterne samarbeidspartnarar og aktørar | 25 |
| 6.1 Vertskommune | 26 |
| 6.2 Industri og næring | 26 |
| 6.3 Folkehøgskulane | 27 |

1.0 Prosjekt campusutvikling

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen som skapte Høgskulen på Vestlandet. I sitt tildelingsbrev for 2020 er Kunnskapsdepartementet tydelege på at fleircampusinstitusjonar som HVL må utarbeide ein overordna campusstrategi. Det skal etablerast campusutviklingsprosjekt ved kvar av dei fem campusane i perioden frå oktober 2020 til hausten 2021. Samla sett skal dette arbeidet føre fram til ein overordna strategi som skal vidareutvikla campusane og heile høgskulen på Vestlandet.

For Høgskulen på Vestlandet er campusutvikling viktig i eit langsiktig arbeid med kultur- og institusjonsbygging. Vi skal ha levande campusar med tydelege profilar som er attraktive for studentar og tilsette og som arbeids- og samfunnsniv har eigarskap til. Campusutvikling handlar om den faglege aktiviteten på campus, og skal sjåast i samheng med administrativ organisering og det å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv. Alle desse elementa skal vektleggast i arbeidet. HVL skal byggje berekraftige campusar som veks ut av HVL som heilskap, og som samtidig har sterke lokale røter.

1.2 Det vidare arbeidet med campusutvikling for campus Stord

Arbeidsgruppa sin rapport til strategisk leiargruppe er ikkje sluttstrek for prosjekt campusutvikling ved campus Stord. I forslag til tiltak ligg det element som er foreslått følgt opp allereie våren 2021, med ei ansvarsfordeling som involverer fleire partar. Arbeidsgruppa har valt å ha merksemd på å formulere fire hovudpunkt som utgjer den samla tiltaksplanen for campusutvikling for campus Stord. Dei fire hovudpunkta, som kvar for seg inneheldt fleire element, er basert på forslag frå dei tre prosjektgruppene og frå arbeidsgruppa. Fleire av dei forslaga som kjem fram i dei tre prosjektrapportane er kvalifiserte forslag som kan realiserast i løpet av kort tid og med låge kostnader. Det er særst viktig å koordinere desse forslaga med andre prosessar som er i HVL sin organisasjon. Arbeidsgruppa for campusutvikling campus Stord ønskjer å ha ei rolle i det vidare arbeidet med utviklinga for campus Stord. Ei konkretisering av denne rolla vil bli sett på etter behandling av foreslått tiltaksplan for campusutvikling for campus Stord

Det er viktig å få fram at det er fire campusar som i tida framover skal gjere det same arbeidet som har blitt gjort ved campus Stord. Det samla arbeidet med prosjekt campusutvikling vil vere eit arbeid som ein vil sjå gjennom heile året 2021 og første halvdel av året 2022.

2.0 Campusutvikling campus Stord

2.1 Kunnskapsgrunnlag

I forkant av campusverkstaden i juni 2020 blei det produsert eit innsiktsgrunnlag for campus Stord som skulle danne ei forståing av no-situasjonen ved studiestaden (Se vedlegg). Campus Stord er ein av dei minste campusane ved HVL og gir tilbod om fleire halvt- og heilårsstudium, bachelor- og masterprogram innan helse og sosialfag, idrett, friluftsliv og folkehelse, natur- og samfunnsfag samt lærarutdanning og kreative fag. Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) har ein relativ stabil søkarmasse (tabell 2), medan fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) dei siste åra har opplevd ein nedgang i søkartal. I 2020 auka opptaket på mange studie, noko som var ein nasjonal trend, men likevel har FLKI ein nedgang i talet på registrerte studentar mellom 2018-2020 (tabell 2) og ein total nedgang på 22,2% i talet på studentar ved campus Stord frå 2017-2020 (tabell 1). HVL som institusjon har hatt ei positiv utvikling i talet på tilsette (tabell 3), noko som også har skjedd på Campus Stord, og som har ein samanheng med at HVL har tilsett fleire doktorgradstudentar og fått fleire eksternfinansierte prosjekt. Fleire av dei administrativt tilsette på dei ulike campusane har arbeidsoppgåver knytt til fleire campusar.

Campus Stord rekrutterer mesteparten av studentane (94%) frå fylka Vestland og Rogaland, og slit med å rekruttere studentar nasjonalt (6%). FHS rekrutterer mange studentar frå Bergen og FLKI rekrutterer mange studentar frå Haugesund og Karmøy. Studentane si tilbagemelding at det å ha kort veg til heimstaden er viktig i valet av studiestad, og mange studentar vel difor å dagpendla til campus eller reise heim i helgane. Studentane ved campus Stord er like nøgd med det faglege tilbodet på Stord som på dei andre campusane ved HVL, men trivselen med studiebyen Stord er låg. Studentane på campus Stord er dei i HVL som i minst grad tar del i på fadderordninga. Studentane på campus opplever det er utfordrande å engasjere studentane i andre studentaktivitetar, sjølv om omgrepet «studentmiljø» er ein viktig faktor for val av studiestad. Samanliknar ein med campus Sogndal blir 44 % av studentane her rekruttert nasjonalt, og for desse studentane er friluftsliv ein viktig faktor for val av studiestad. I tillegg tilbyr Sogndal fleire spesialiserte og unike utdanningar som skaper grunnlag for nasjonal rekruttering og et meir levande campus. At campus Stord har ein stor studentmasse som vel i reise heim på ettermiddag og i helger, i staden for å vere på campus og bidra til studentmiljøet, er ei stor utfordring. Arbeidsgruppa ser ei stor potensiale i, og er motiverte til å setje i gang tiltak som rekrutterer fleire nasjonale og lokale studentar, utforde studentmiljøet og skape meir liv på campus utover vanleg dagtid og i større grad samhandla med nærmiljøet rundt campus. Saman kan vi løfte Campus Stord.

2.2 Nøkkeltall Campus Stord
Tabell 1; Endringer i studenttall på HVL campuser 2017-2020

| | Registrerte stud. 2017 | Registrerte stud. 2018 | Registrerte stud. 2020 | Endring N. | Endring % |
|--------------|------------------------|------------------------|------------------------|-------------|----------------|
| Bergen | 9015 | 8810 | 9560 | +545 | + 6,05% |
| Førde | 755 | 915 | 830 | +75 | + 9,93% |
| Haugesund | 1625 | 1710 | 1555 | -70 | - 4,31% |
| Sogndal | 3170 | 3030 | 3010 | -160 | - 5,05% |
| Stord | 1 650 | 1 690 | 1 285 | -365 | - 22,2% |
| HVL | 16 215 | 16 160 | 16 240 | +25 | - |

Kilde: DBH 2021

Tabell 2; Registrerte studenter i perioden 2018 – 2020 fordelt etter fakultet perioden 2018-2020

| Campus | FHS | | FIN | | FLKI | | FØS | |
|--------------|------------|------------|-----------|-----------|-------------|------------|-----------|-----------|
| | 2018 | 2020 | 2018 | 2020 | 2018 | 2020 | 2018 | 2020 |
| Bergen | 2360 | 2480 | 2330 | 2500 | 3530 | 3800 | 590 | 780 |
| Førde | 635 | 630 | 165 | 160 | 85 | 0* | 30 | 40 |
| Haugesund | 590 | 555 | 445 | 250 | 0* | 30 | 675 | 720 |
| Sogndal | 500 | 575 | 290 | 305 | 1465 | 1365 | 775 | 765 |
| Stord | 405 | 410 | 0* | 0* | 1285 | 875 | 0* | 0* |
| HVL | 4490 | 4650 | 3230 | 3215 | 6365 | 6070 | 2070 | 2305 |

Kilde: DBH 2021 (*Ingen studietilbud på campus)

Tabell 3; Vekst antall ansatte på HVL campuser i perioden 2018 - 2020

| | BGO | | Stord | | Førde | | Sogndal | | Haugesund | |
|-------------|------|------|-------|------|-------|------|---------|------|-----------|------|
| | 2018 | 2020 | 2018 | 2020 | 2018 | 2020 | 2018 | 2020 | 2019 | 2020 |
| FHS | 257 | 277 | 32 | 35 | 55 | 53 | 40 | 59 | 45 | 40 |
| FIN | 220 | 284 | 1 | 1 | 8 | 20 | 39 | 48 | 40 | 49 |
| FLKI | 296 | 352 | 110 | 113 | 0 | 0 | 119 | 135 | 2 | 1 |
| FØS | 40 | 56 | 0 | 1 | 0 | 0 | 49 | 52 | 59 | 57 |
| FA | 213 | 232 | 48 | 51 | 21 | 19 | 80 | 80 | 43 | 48 |
| SUM | 1026 | 1201 | 191 | 201 | 84 | 92 | 327 | 374 | 162 | 197 |

Kilde: SAP uttrekk HVL ansatte 25. februar, 2021

Tabell 4; Prosentvis vekst i antall ansatte og studenter perioden 2018 – 2020 med forholdstall

| | % vekst ansatte 2018 - 2020 | % vekst studenter 2017 -2020 | Forholds- tall glig /adm. 2020 | Forholdstall student / adm. ansatt 2020 | Forholdstall student /faglig ansatt 2020 |
|------------------|--------------------------------------|------------------------------------|---|--|--|
| Bergen | +17 % | + 6,1 % | 4,2 | 41,2 | 9,9 |
| Førde | +10 % | + 9,9 % | 3,8 | 25,2 | 8,6 |
| Haugesund | +22 % | - 4,3 % | 3,1 | 43,7 | 10,5 |
| Sogndal | +14 % | - 5,1 % | 3,7 | 37,6 | 10,2 |
| Stord | +5 % | - 22, 2 % | 2,9 | 25,2 | 10,5 |
| HVL | +15 % | - | 3,8 | 37,8 | 9,9 |

Kilde: SAP uttrekk antall HVL ansatte 25. februar, 2021

Tabell 5; Vekst antall årsverk i fakultet og FA perioden 2018 – 2020

| Fakultet/Adm. | 2018 | 2019 | 2020 | Endring |
|---------------|---------|---------|---------|---------|
| FA | 367,66 | 366,83 | 405,38 | +37,7 |
| FHS | 370,27 | 373,41 | 372,26 | +2,1 |
| FIN | 325,16 | 332,44 | 348,38 | +23,2 |
| FLKI | 476,29 | 522,54 | 542,18 | +65,89 |
| FØS | 117,49 | 120,55 | 129,07 | +11,6 |
| HVL | 1656,87 | 1715,77 | 1797,27 | +140,4 |

Kilde: DBH, februar 2021

2.3 Verkstad juni 2020

Siste dagane i juni 2020 blei det arrangert ein utviklingsverkstad for campus Stord. Formålet med verkstaden var å utvikle idéar for ein levande campus Stord med ein tydeleg profil. Idéane skulle byggje opp om ein kraftfull campus som veks ut av HVL som heilskap og som samtidig har sterke lokale røter. Gjennom arbeidet i utviklingsverkstaden fekk ein fram kunnskap om campus Stord sine eigenskapar og moglegheiter, samstundes som ein fekk møte og diskutere aktuelle problemstillingar med kollegaer og studentar ved høgskulen, og ikkje minst høyre perspektiv frå samfunns- og næringsliv på Stord og i regionen. Utviklingsverkstaden gav fem nyskapande og gjennomarbeida idear for korleis campus Stord kan utvikle seg vidare. Dei fem konseptane dreidde seg rundt heile spekteret av campusutvikling: bygg, fasilitetar, studietilbod og meir. Stikkorda var Havet, Grøn Campus, Speed-master, Klima- og berekraftlæraren, og Industrimaster.

2.4 Informasjonsmøte september 2020

Arbeidet som blei lagt ned av dei mange interne og eksterne deltakarane i verkstaden blei tatt vidare i eit fysisk informasjonsmøte på campus Stord i september 2020. Dei neste stega i arbeidet blei presentert og prosessen med å involvere både internt blant tilsette og studentar på campus Stord, og blant eksterne samarbeidspartnarar i nærregionen blei lagt fram og diskutert.

2.5 Mandat for campusutvikling campus Stord

Det er utarbeidd eit mandat for campusutvikling for campus Stord. Mandatet har blitt lagt fram for strategisk leiargruppe som er styringsgruppe for prosjekt campusutvikling, og mandatet er godkjent av rektor 20. oktober 2020. Verkstaden på Stord i juni 2020 var eit grunnlag for det vidare arbeidet med campusutviklinga. Faktagrunnlaget for verkstaden tar for seg ei rekke element som er viktig både for å få kunnskap om campus Stord og for å sjå kva moglegheiter som er for det framtidige campus Stord.

Oppfølging av campusutvikling Stord er etablert som eit eige prosjekt. Organisasjonsdirektør er prosjekteigar, og har oppnemnd ei arbeidsgruppe for prosjektet med representasjon frå fakulteta og administrative einingar, samt representasjon frå studentar og tillitsvalde. Arbeidsgruppa har ansvar for å:

- **Sikre at det blir sett i verk konkrete tiltak for utvikling av campus Stord**
- **Initiere og følgje opp tverrgående og felles tiltak**
- **Samanfatte prosjektgruppene sine framlegg til tiltak i ein rapport**
- **Legge fram for SLG tilhøyrande samla tiltaksplan for campusutvikling Stord.**

Arbeidsgruppa må ha med seg i arbeidet eit overordna perspektiv som er at utviklinga av alle dei fem campusane er viktig for å styrke ambisjonen om å bli universitet. HVL skal dyrke profilen sin som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet med god forankring i heile regionen vår, tett på viktige samfunnsfunksjonar og lokalt næringsliv.

Mandatet gir vidare rammene for oppnemning og etablering av prosjektgrupper for fakulteta og for administrative tenesteområde for campusutvikling Stord. Desse prosjektgruppene skal gi bidrag til arbeidsgruppa sitt arbeid gjennom tidsperioden for prosjektet. Prosjektgruppene er ansvarlege for dei konkrete tiltaka, og skal gjennom eigne prosjektarbeid utvikle ein tiltaksplan for realisere ein profil for campus Stord, og bidra til campusutviklinga gjennom ulike moment som mandatet gjer greie for.

2.6 Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har vore samansett av følgande personar:

Tage Båtsvik (Organisasjonsdirektør), Liv Reidun Grimstvedt (Prorektor for samhandling og nærregion Stord/Haugesund), Gro Nesheim (Saman), Oded Ben-Horin (FLKI), Georg Førland (FHS), Espen Fosse (Fellesadministrasjonen), Ingrid Arnesen Råheim Grønsdal (tillitsvalt), Haakon Georg Grung Moe (ADU), Rannveig Litlabø (FIN), Marie Moilanen Kettunen (Studenttinget), Vegar Anthonessen (studenttillitsvalt), Kajsa Nordström (AFII) og Paul J. Manger (Prosjektleder prosjekt campusutvikling)

Arbeidsgruppa har hatt seks digitale møte i perioden november- mars og har innhenta bidrag frå andre avdelingar i HVL, og bidrag eksternt, for å auke kunnskapsgrunnlaget og sette søkelys på å finne frem nye løysingar for å utvikle campus Stord.

2.7 Arbeidsgruppa sine forslag til tiltak

Forslaga frå prosjektgruppene kan sorterast rundt fire hovudtema:

1. **Fagmiljø og utdanningstilbod** som legg til rette for forskning og utdanning som gir relevans for tilsette, studentar og arbeids-, samfunns-, og næringsliv.
2. **Eit attraktivt og godt (fysisk) campus** som er til det beste for tilsette og studentar, med eit godt studie- og læringsmiljø, og eit samlande arbeidsmiljø på tvers av faglege og administrative liner, som også inviterer inn ulike samarbeidsaktørar til samhandling på mange område.
3. **Samhandling mellom administrative støttetjenester**, som sikrar betre koordinering av tenester på campus på tvers av administrative einingar.
4. Forslag til tiltak som sikrar at HVL blir utvikla i **samhandling med samfunns- og næringsliv**.

Arbeidsgruppa sine forslag til samla tiltaksplan for campusutvikling for campus Stord tar utgangspunkt i forslag frå prosjektgruppene og dei innspela som har kome frå medlemmer av den overordna arbeidsgruppa. Forslaget som blir lagt fram for strategisk leiargruppe treng vidare arbeid i organisasjonen for å bli realisert. Diskusjonar om utvikling av studieporteføljen har blitt tatt opp av dei fakultetsvise prosjektgruppene. Arbeidsgruppa er klar på at forslaga frå prosjektgruppene på dette området blir del av fakulteta sine arbeid med utvikling av studieporteføljen. Arbeidsgruppa har tatt forslaga frå prosjektgruppene på dette området inn i rapporten sin på eit overordna og generelt nivå. Avgjersler og konklusjonar på området blir lagt til fakultetslinja. Arbeidsgruppa viser her òg til den periodiske evaluering av den samla studieporteføljen som skal i gang no, og som er knytt opp mot, og i tråd med, sentrale ambisjonar og strategiar for høgskulen.

Arbeidsgruppa vil også vise til at de er fleire pågåande utviklingsarbeid i HVL som må finne løysingar som bidrar til campusutvikling på Stord. Dette gjeld bl.a. arbeidet med organisatoriske løysingar og klargjering av ressursar knytt til prorektor for regional utvikling sine hovudansvarsområde; vidareutvikle eksternt samarbeid og campusutvikling. Tilsvarande gjeld for fakulteta sitt pågåande arbeid med å vurdere eigen organisering med tanke på løysingar for meir interfakultært samarbeid, styrke eksterne relasjonar og ivareta ansvaret for campusutvikling. I tillegg skal oppfølginga av forslaga til tiltak i prosjekt Livslang læring ivareta campus sin rolle i utvikling og drift av utdanningar som møter krav og forventningar frå ei studentgruppe med behov for eit tilpassa utdanningsløp.

Arbeidsgruppa sine forslag til samla tiltaksplan for campusutvikling for campus Stord er følgjande:



| TEMA | FORSLAG TIL TILTAK | ANSVARLEG | TIDSLINJE |
|--|--|--|-------------------------------|
| 1. Fagmiljø og utdanningstilbud | a) Samarbeid mellom fakulteta om utvikling av nye utdanningstilbud på campus Stord samt utvikle tilbud med ei praksis- og profesjonsretta tilnærming, eller disiplinlag. Til dømes Bachelor i velferdsfag og Bachelor i barnevernspedagogutdanning | Dekan ved FHS og FLKI | Fram mot 2022 |
| | b) Tilby fleire campusovergripande utdanningar ved fakulteta, med opptak på og/eller studentgrupper på campus Stord. Gjeld også fakultet som i dag ikkje har studietilbud på campus. Døme på dette kan vere masterprogrammet i innovasjon og entreprenørskap (FIN), som kan utviklast i eit forpliktande samarbeid med fleire aktørar i regionen eller bachelorutdanning i vernepleie. | Dekanane | Fram mot 2022 |
| | c) Fakulteta på campus skal tilby minimum ein semesterpakke på engelsk à 30 sp kvar, som skal koordinerast slikt at det blir balanse haust vår/haust med omsyn til studentbustader. Døme: «Sustainable Citizen in Practice», 30 + 30 sp (FLKI) | Dekan FLKI og FHS + Prorektor for forskning | Oppstart av tilbud haust 2022 |
| | d) Styrke marknadsføring mot (nasjonal) rekruttering av studentar til utdanningane ved campus Stord. Særskilt satsing på samarbeid på tvers av fakulteta om felles rekrutteringstiltak, samt marknadsførings- og profileringsarbeid for campus som studiestad og tilboda på Stord. | Fakulteta, Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, og | Oppstart ila våren 2021 |



| | | | |
|---|---|--|---------------------|
| | <p>e) Styrka og tydeleggjere campus Stord sin forskingsprofil, blant anna gjennom :</p> <ul style="list-style-type: none">- Fleire fagleg tilsette med forskarkompetanse- Fleire fagleg tilsette på campus Stord inn i fakulteta sine forskingsgrupper.- Tydelegare kopling mellom forskings- og utviklingsarbeidet på campus og profilane i utdanningane.-Tettare samarbeid om forskning og innovasjon med regionale aktørar. | Dekanane | Fram mot 2022 |
| 2. Attraktive og berekraftige campus | a) Utarbeide ein heilskapleg arealutviklingsplan for campus Stord, som sikrar målet om at investeringar kan komme nærmiljøet og lokalsamfunnet til gode. | Direktør for økonomi og arealforvaltning i samarbeid med fakultet, Saman og studentar ved campus Stord | Fram mot 2022 |
| | b) Utvikle uteområda på campus. Viser til kap. 5.5 Bygg og uteområde ved campus Stord | Direktør for økonomi og arealforvaltning , i samarbeid med fakultet, Saman og studentar ved campus Stord | Fram mot 2022 |
| | c) Felles campustilpassa læringsmiljøtiltak på tvers av utdanningar | Prorektor for utdanning, LMU, i samarbeid med fakulteta | Oppstart 2021 |
| | d) Gjennomgang og bruk av timeplan for å sikre at aktivitet på campus er fordelt gjennom heile dagen. | Direktør for økonomi og arealforvaltning, i samarbeid med fakulteta | Fram mot 2022 |
| | e) Etablere lokalt velferdsutval som initierer og stimulerer velferdstiltak på campus som bygger eit felles arbeidsmiljø for alle tilsette ved campus Stord. | Organisasjonsdirektør og velferdsutvalet HVL | Oppstart våren 2021 |



| | | | |
|--|---|---|---------------------------|
| 3. Samhandling og koordinering mellom støttetjenester på campus | a) Lage strukturar for god samhandling og koordinering mellom støttetjenester for oppgåver som krev koordinering. Døme på dette er: | Organisasjonsdirektør og avdelings/einingsleiarar | Oppstart 2021 |
| | 1. Etablere eit breitt samansett team som bidrar med tilrettelegging og gjennomføring for arrangement på campus. | Fakulteta og administrasjon ved campus, studentar og tillitsvalde | Oppstart 2021 |
| | 2. Utvikle ein interaktiv kommunikasjonsplattform for alle tilsette og studentar på campus samt Saman. | Avdelingsleiar AKS og studieadministrasjonen | Oppstart 2021 |
| | 3. Forbetra verktøy og rutinar for mottak av nytilsette, samt avslutning av arbeidsforhold. | Organisasjonsdirektør, | Vår 2021 |
| | 4. Utvikle en idébank for vidare arbeid med campusutvikling | Organisasjonsdirektør /Prosjekt campusutvikling | 2021 |
| | 5. Rutinar for å ivareta alle deler av det som inngår i mottak av internasjonale studentar (informasjon, bustad, fritid, eksamen, fagleg informasjon etc.). | Prorektor for forskning i samarbeid med Saman | Våren 2021 |
| 4. Systematisere samhandling med samfunns- og næringsliv | a) Samarbeid med Maritime CleanTech, Sustainable Energy og Atheno samt større industribedrifter om master i innovasjon og entreprenørskap | FIN | Opp mot 2022 |
| | b) Folkehøgskular (Bømlo, Stord, Sunnhordland): faglege aktivitetar, arrangement, rekruttering | FLKI/FHS, arrangement team på campus, Rekrutteringsteam AKS | Oppstart våren 2021 |
| | c) Stord Kommune - samarbeid kring nullutslepp 2030 | Direktør for økonomi og arealforvaltning /Klimagruppe | Oppstart 2021 |
| | d) Samarbeid kring utvikling av eit VilVite senter på campus. | Prorektor for regional utvikling | Oppstart/forprosjekt 2021 |

3.0 Prosjektgrupper

3.1.1 FHS Problemstillingar

Prosjektgruppa til fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) har i rapporten sin sett søkelyset på utfordringar innan helse- og velferdssektoren. Reformene i omsorgssektoren, barnevernet og velferdssektoren har ført til nye og samansette kompetansebehov som utfordrar fakultetet og høgskulen. Rapporten peikar på at dei samansette utfordringane vil krevje tilsette profesjonsutøvarar med kompetanse i innovasjon og implementering som evnar å ta i bruk forskingsbasert kunnskap og innovative løysingar i praksis.

Per i dag er FHS representert med eitt institutt og ei bachelorutdanning ved campus Stord. Det overordna målet for fakultetet er å spegle samfunnet sine behov for kompetanse i framtida, organisering av utdanning må spegle samfunnsoppdraget. I praksis vil det m.a. sei at ein må tilby utdanning der folk bur. Arbeidslivet framover vil stille krav til kompetanse. For utdanningsinstitusjonar som HVL vil det sei at ein må tilby fleksible, digitaliserte og desentraliserte utdanningstilbod som kan la seg kombinere med arbeids- og familieliv.

3.1.2 Forslag tiltak frå prosjektgruppe FHS

| Område | Forslag / Tiltak |
|---|--|
| Utfordringsbilete studieportefølje FHS campus Stord | Tilby fleire av utdanningane ved fakultetet som campusovergripande utdanningar |
| Utfordringsbilete studieportefølje FHS campus Stord | Utvikle nye utdanningstilbod på tvers av fakulteta ved HVL særskilt på bachelornivå for å sikre levande campus i det daglege. |
| Sikre studieportefølje som bidrar til eit levande og berekraftig campus | Styrke marknadsføring mot nasjonal rekruttering av studentar til utdanningane ved campus Stord (særleg bachelor i sjukepleie), tilby bachelorutdanning i barnevern ved campus Stord som ei campusovergripande utdanning i samarbeid med HVL Sogndal. Vurdere å tilby bachelorutdanning i vernepleie ved campus Stord (som ei campusovergripande utdanning i samarbeid med HVL Sogndal, HVL Bergen og HVL Haugesund). |
| Sikre studieportefølje som bidrar til eit | Utvikle oppdateringskurs ved SimArena Stord i samarbeid med Helse Fonna og kommunar. Vurdere flytting av samlingsbasert |



| | |
|--|---|
| levande og berekraftig campus | vidareutdanning i <i>Pleie og behandling av ikkje-helande sår</i> frå Haugesund til Stord. Utgreie moglegheit for å utvikle utdanningstilbod innan stats- og kommunalforvaltning |
| Forskningsarbeid ved Campus Stord | Sikre at FOUI ved FHS campus Stord har relevans for utdanningane, samt regionen sitt behov for ny kunnskap og kompetanse. |
| Internasjonalisering | Styrke internasjonalt fokus på campus og tilby internasjonale emne innan både teori og praksis. |
| Kompetanseprofil | Styrke kompetanseprofil og rekruttering av vitskapleg tilsette |
| Oppsummert: Tiltak for levande og berekraftig campus over tid | Fleire studietilbod og fleire studentar på campus Tilsette med breiare og høgare kompetanse Campus Stord er attraktiv for ulike aktørar |

3.2.1 FLKI Problemstillingar

Prosjektgruppa til fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har i rapporten sin sett søkelyset på utfordringar knytt til sviktande rekruttering til deler av FLKI sitt studietilbod (særskilt knytt til grunnskulelærarutdanninga) ved campus Stord, lite stabil studentmasse og eit ønske om å auke FLKI si eksternfinansierte studieportefølje. Det er også eit mål å styrkje internasjonaliseringsarbeidet ved HVL campus Stord og å få til tettare samhandling med lokalt og regionalt arbeids-, samfunns- og næringsliv.

For prosjektgruppa er det ei viktig målsetjing at FLKI skal bidra til ein levande og pulserande campus Stord som kan tilby eit solid og spennande fag- og utdanningstilbod som legg til rette for gode fagmiljø og gir studentane høve til å ta ulike val. Utdanningstilbodet må ha meining og relevans for studentar som skal ut i arbeids-, samfunns- og næringsliv. Det skal vere god samanheng mellom utdanning og forskning, og i tillegg må ein evne å finne ein god balanse mellom kva tiltak som skal utviklast og driftast på campus Stord og kva som skal skje i samarbeid med andre campus.

Mandatet for prosjekt campusutvikling vektlegg at diskusjon om studieportefølje må stå sentralt i prosessane knytt til campusutvikling, og særskilt sentralt i prosjektgruppene sitt arbeid.

Prosjektgruppa peiker på at studieporteføljeprosessen, som blei starta ved FLKI i januar 2019, allereie har ført til ei rekkje endringar i studieporteføljen for 2021/2022. Nokre prosessar er gjennomførte, andre er framleis under planlegging. I prosjektgruppa sitt arbeid har det vore viktig forsøkje å skilje mellom nye tiltak og tiltak som er under planlegging eller allereie er i ferd med å bli implementert som ein del av studieporteføljeprosessen.



3.2.2 Forslag tiltak frå prosjektgruppe FLKI

| Område | Forslag / Tiltak |
|-----------------------|--|
| Lokale tilpassingar | Sikre tilstrekkeleg lokalt mulighetsrom og opne for fleire lokale tilpassingar |
| Rekruttering | Auke rekruttering til lærarutdanningane gjennom å innføre eit felles rekrutteringsår |
| Fagleg grunnlag | Utvikle og synleggjere ein praksis- og profesjonsnær profil med sikte på å utvikle det faglege grunnlaget for grunnskulelærarutdanninga |
| Nye samarbeidsarenaer | Danne nye samarbeidsarenaer og utvikle samarbeidsrelasjonar for å, mellom anna, gjere studietilbodet meir praksisnært |
| Strukturendring | Vurdere endringar i PPU-struktur som òg legg til rette for auka PPU-rekruttering |
| Internasjonalisering | Utvikle nytt engelskspråkleg tilbod innanfor lærarutdanninga, «Sustainable Citizen in Practice», 30 + 30 sp |
| Levande campus | Tilsetje ein kultursjef som skal arbeida for eit levande og attraktivt campus Stord gjennom auka kulturaktivitet og tilpassing/utvikling av gode fysiske og materielle fasilitetar |

3.3.1 Problemstillingar frå administrativ prosjektgruppe

Den administrative arbeidsgruppa representerer alle administrative einingar i fellesadministrasjonen og fakultetsadministrasjonane (FLKI og FHS) som har arbeidsplass Stord, totalt 13 medlemmer.

Etter fusjonen har det primære fokuset i HVL vore å bygge ein organisasjon, og campusperspektivet har vore sekundært. Prosjektgruppa peiker på at avgjersla om å ha ein campusleiar vil være en viktig forutsetning for å lykkast med å styrke kvar campus. Gruppa meiner at campusleiar bør bli definert som ein administrativ stilling, ha eit heilskapleg campusperspektiv og med det bidra til å auke og koordinere aktivitetar på campus. Dette vil samla sett bidra til å auke fagfellesskapet på campus, samt til ekstern samhandling. Ein campusleiar skal løfte campusperspektivet inn i HVL si toppleiing og bør få ei sentral rolle i campusrådet, med tydeleg oppfølgingsmandat på saker som blir tatt opp og vedtatt i rådet.

HVL si administrative organisering er bygd opp med mange funksjonar som er campusuavhengige. Dette har bidratt til ein meir fleksibel organisasjon, men mange tilsette opplever lite fagleg fellesskap på campus, noko som påverkar arbeidsmiljøet. Denne problematikken kjem meir tydeleg fram på dei små campusane. Den administrative gruppa meiner at HVL bør evaluere den administrative organiseringa, med utgangspunkt i eit campusperspektiv. I ei slik evaluering er campusperspektivet sentralt når det gjeld kapasitet, kompetanse og utlysing av stillingar. I fusjonsavtalen ligg det viktige føresetnader om t.d. administrative stillingar på ulike nivå og moglegheit for administrative karrierevegar på dei ulike campusane.

3.3.2 Forslag til tiltak frå administrativ prosjektgruppe

Den administrative gruppa sine forslag til tiltak tar utgangspunkt i eit ønske og mål om å bidra til utvikling i alle delar av organisasjonen samt å styrke campusperspektivet. For å byggje sterke campusar må vi byggje ein 'vi-følelse' for det som skjer på campus, samt eit godt arbeidsmiljø. Forslaga er basert på område som har forbettringspotensiale og kor det er behov for samordning og samarbeid på tvers av linjene.

| Område | Forslag |
|---|---|
| Kommunikasjon | <p>Utvikle campuskanalar i Vestibylene samt moglegheit for å kommunisere med alle tilsette/studentar på campus.</p> <p>Finne løysning en digital idébank for å kunne komme med nye innspel for campusutvikling og følge prosessen med innspel blir tatt vidare.</p> |
| Auka talet arrangement på campus | <p>Arrangementsansvarleg på campus i tett samarbeid med campusleiar og med eit lokalt støtteteam som bidrar med tilrettelegging og gjennomføring.</p> <p>Forbetre samarbeid med SAMAN/studentar, arbeids- og næringsliv samt lokale/regionale faglege nettverk og samarbeidspartnarar</p> |
| Studentrekruttering | Bygge en tydeleg eigenart og profil for campus Stord med god balanse mellom HVL og campusperspektivet. |
| Læringsmiljø | Campustilpassa tiltak for utvikling av læringsmiljø |
| Internasjonalisering | Sette saman lokale undergrupper for å møte campusutfordringar ved mottak av internasjonale studentar (informasjon, bustad, fritid, eksamen, fagleg informasjon etc.). |
| Livslang læring | Auka fokus på nødvendig administrativ kompetanse og kapasitet, både ved HVL samla og på campus. |
| Digitalisering /IT | Lage ein struktur for tidleg involvering av IT ved digitalisering av heile/deler av utdanningar for å sikre digitalt utstyr/infrastruktur/tenester |
| Etablering av læringlab | Lage strukturar for god samhandling mellom støttetjenester som blir involvert, f.eks. bibliotek, IT, fagleg støtte i lærings lab. |
| Bibliotek | Forbetre samhandling og bruk av biblioteket sine tenester i studieplanlegging/gjennomføring. |
| Bygningsmessige utviklings- og ombyggingsprosjekt | <p>Tidlegare involvering av IT-avdeling med tanke på nødvendig infrastruktur.</p> <p>Lage meir sosiale sittingsonar på uteområde nær campusbygg, særskilt utanfor hovudinngong A.</p> |

| | |
|-------------------------------------|---|
| Planlegging og mottak av nytilsette | <p>Utvikle praktiske løysningar for mottak av nytilsette som tilgodeser behov for kontor, IT-utstyr, ID-kort/nøklar, posthylle, parkering, informasjon om og til den nytilsette etc.</p> <p>Tilby halvårlege info-møter i tillegg til infoskriv til nytilsette med campusinformasjon.</p> <p>Videopresentasjonar av avdelingar og støttefunksjonar i vestibylen</p> |
| Avslutning av arbeidsforhold | <p>Utvikle praktiske løysningar for avslutning av arbeidsforhold, levering av nøklar, utstyr, fjerning av posthyller, informasjon til andre tilsette, rydding av PC etc.</p> |

4.0 Tilsett- og studentperspektiv

4.1 Arbeidsmiljø for tilsette

Det å utvikle og halde ved like eit godt arbeidsmiljø er av mange grunnar naudsynt for å utvikle gode campusar. HVL som arbeidsgivar har plikt til å leggje til rette for dette arbeidet, og reint praktisk kjem det til syne både gjennom vernetenesta og arbeidsmiljøutvalet sitt arbeid. Eit godt arbeidsmiljø er også knytt til dei tilsette si oppleving av stabilitet og høve til utvikling og medverknad i arbeidskvardagen. I campusutviklingsprosjektet har fokuset på arbeidsmiljø på campus i hovudsak retta seg mot den delen av arbeidsmiljøet som er knytt til trivsel for tilsette på arbeidsplassen gjennom lokale velferdstiltak. Campus Stord har lange tradisjonar for faste arrangement for tilsette, som juletreffest for barn av tilsette, kakelunsjar, yoga, bedriftsidrett, dansekurs, kunstforeining, kjøkkenhage, sommarfestar og julebord. Slike tiltak bidreg til høg trivsel blant tilsette på campus Stord og til auka kontakt mellom tilsette som høyrer til ulike einingar, men same arbeidsplass. Velferdsutvalet ved HVL er i gang med å opprette lokale velferdsutval som skal sørge for å vidareføre det tradisjonelle velferdsarbeidet og stimulere til nye arrangement og tiltak. Eit nytt satsingsområde for dei lokale velferdsutvala bør vere å leita etter samarbeidstiltak med studentforeiningane på campus Stord. Eit konkret framlegg er å leggje opp til faste Quiz-kveldar med open scene i kantina, og eit samarbeid med Saman for å få til slike kveldsarrangement.



4.2 Studentperspektiv

Studentane er høgskulen si viktigaste målgruppe. For at campus Stord HVL skal vere et attraktivt val for potensielle søkarar, samt tilfredsstillende noverande studentar sine behov er innspel frå studentane viktig. Studentrepresentantane og to tilsette frå arbeidsgruppa har gjennomført eit fokusgruppeintervju med tre studentar som representerer dei tre utdanningane BLU, GLU og Bachelor i sjukepleie. I tillegg har studentcampusrådet kome med innspel til campusutvikling.

Studentane legg vekt på dette med sitjeplassar, både utanfor bygningane og i arealet rundt campus. Utandørs kan dei sjå for seg sitjeplassar under tak som kan bli brukt både til studierelaterte aktivitetar, til avslapping og underhaldning, t.d. eit amfi. Studentane ønskjer større merksemd på aktivitetar utandørs og areal som byr inn til varierte fysiske aktivitetar, t.d. skateboard, volleyball, treningsapparat.

Innandørs er det eit ønskje om å legge til rette for fleire skjerma arbeidsplassar for individuelle studie, samt lydisolerte grupperom. Kantina spelar ei viktig rolle for liv på campus. At kantina kan tilby eit betre utval av vegetar, vegansk, allergivenleg mat og kaffimat er ønskjeleg. Opningstidene i kantina påverkar studentane sin motivasjon for å vere på campus. Dersom det ikkje er mogleg å kjøpe mat vil det påverke studentane sitt ønskje om å vera på campus etter undervisning.

For fagleg campusutvikling ønskjer studentane at HVL er meir føreseieleg når det gjeld studie- og fagtilbod på campus. Studentane vil ha dei fagtilboda dei har blitt forespeila ved opptak. Det er ønskjeleg å ha mogelegheit til å fullføre både bachelor- og mastergradsutdanning i alle fag på campus, samt kunne komme tilbake til høgskulen for relevant vidareutdanning.

Til sist meiner studentane campus som heilskap har mange gode eigenskapar, men ein spissa profil som er basert på fagtilbod i kombinasjon med gode omgivnader kan bidra til meir målgrupperetta marknadsføring.

5.0 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL

5.1. Universitetsprosjektet

Fusjonsavtalen frå 2016 slår fast at HVL skal arbeide for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Ambisjonen er skriven inn i HVL sine verksemdsmål og i utviklingsavtala med Kunnskapsdepartementet. Ikkje minst er ambisjonen heilt sentral i HVL sin strategi for åra 2019-2023.

Campusutviklingsprosjektet følgjer tett på det arbeidet som blir gjort i universitetsprosjektet, og sidan mange tematikkar er parallelle er koordineringa mellom dei to prosjekta svært sentral i arbeidet med campusutvikling for dei fem campusane ved HVL.

5.2 Livslang læring

Prosjektet Livslang læring har lagt fram ein rapport i 2021 for å vise HVL sine ambisjonar for det å lære heile livet. Prosjektet er eit av fleire prosjekt i HVL som kan bidra til campusutvikling. Samfunns- og arbeidsliv rundt campusane er sentrale samarbeidsaktørar og «HVL ynskjer å vere den føretrekte samarbeidspartnaren og betydeleg aktør for regional utvikling». Sentrale tematikkar i rapporten omhandlar ny forståing av kven studenten er og at det er behov for å skape felles forståing, for fleksibilitet og fart. Koordinering av ressursar på fagsida og i administrasjonen kan vere nøkkelen til å svare godt på samfunns- og arbeidsliv sine behov for livslang læring, og bidra til revisjon av og utvikling av studieporteføljen. Ein relevant problemstilling for utvikling av campus Stord er korleis HVL skal kunne vere relevant for eit arbeids- og samfunnsliv rundt som har bruk for kompetanse ut over det FLKI og FHS kan tilby ved campus per i dag.

5.3 Studieportefølje og studietilbod

Signal frå HVL si leining er at diskusjonar om studieporteføljeutvikling må stå sentralt i prosessane knytt til campusutvikling, og særskilt sentralt i prosjektgruppene sitt arbeid. Det blir derfor viktig at dei forslaga som kjem frå prosjektgruppene blir del av fakulteta sitt arbeid med utvikling av studieporteføljen. Arbeidsgruppa vil ta forslaga frå prosjektgruppene på dette området inn i rapporten sin, men avgjersler og konklusjonar blir å leggje til fakultetslinja. Viser her til den periodiske gjennomgang av den samla studieporteføljen som skal i gang no, og som er knytt opp mot og i tråd med sentrale ambisjonar og strategiar.

I prosjektgruppene sine rapportar er det viktig å skilje mellom nye tiltak, tiltak som er under planlegging, eller tiltak som allereie er i ferd med å bli implementert som ein del av fakulteta sin prosess for studieporteføljeutvikling.



5.4 Berekraft og miljøatsingar

HVL har berekraft som ein av tre hovudverdiar i strategien. Kvar campus skal ta ansvar for å arbeide strategisk med klima og berekraft med utgangspunkt i FN sine 17 berekraftsmål. I eit student- og studentrekrutteringsperspektiv er dette området særleg viktig òg for våre samarbeidspartnarar. Stord kommune skal bli nullutsleppskommune innan 2030 og det er naturleg for HVL campus Stord å bidra for å nå dette mål. Det er satt ned ei klimagrupper på campus Stord, leia av einingsleiar Stord/Haugesund ADU, som skal sikre gjennomføring av klimatiltak og resertifisering av miljøfyrtårn.

Campus Stord kan ta ein posisjon innan berekraft og vidareutvikle idear frå campusverkstaden med grøn campus, berekraftslæraren og hav som læringsarena, med forankring i fagmiljøa på campus. I dei nye læreplanane som blei innført hausten 2020 er berekraftig utvikling eit av tre tverrfaglege tema og lærarutdanninga på Stord kan ta ein posisjon innan «tillempa berekraft» samt forskning innan sosial endring og berekraft i skulen. Sidan emnet er tverrfagleg er det naturleg å sjå på samarbeid mellom fakulteta på campus, samt samarbeid med lokale aktørar.

Det bør vurderast korleis det å utvikle skulehage, sansehage og parsellar for studentar på campus kan bli brukt i undervisning og i samhandling med skular, barnehagar, sjukeheim og rehabilitering. At campus legg til rette for å ta berekraftige val bør vere naturleg i alt frå mat i kantina, val av transportmiddel til og frå campus, gjenbruksbod på campus, legge til rette for meir resirkulering, klimanøytrale nybygg m.m. Arbeidsgruppa meiner at Campus Stord på sikt kan fungere som eit «best practice» for korleis HVL kan byggje berekraftige campus.

5.5 Bygg og uteområde ved campus Stord

Avdeling for areal, drift og utvikling (ADU) har følgd campusutviklingsprosjektet tett og forsøkt å lytte godt, og ha ein god dialog med alle involverte partar. Med unntak av Festsalen/Gymsalen går leigekontrakten med Statsbygg ut i 2024. Dette gir HVL eit momentum til å ta gode strategiske grep for å påverke den fysiske campusutviklinga.

Nosituasjon:

- Særegen bygningsmasse med fleire bygg som ikkje lenger er hensiktsmessige til HVL sine formål, og som til dels er helsefarlege, kostnadskrevjande og ikkje berekraftige.
- Krevande utviklingsmoglegheiter då dei fleste bygga er verneverdige (gjeld både ut-og innvendig)
- Areal kartlegging viser til dels dårleg utnytting av nokre undervisningsareal (noko av dette kjem av at enkelte klasserom har låg bruksgrad pga. dårleg inneklimate).

- 32% reduksjon i studenttalet på FLKI-utdanningane i løpet av dei tre siste åra.

Målsetting:

Framtidige infrastrukturtiltak skal styrke attraktiviteten for eit heilskapleg studentliv på campus, noko som gir ei oppleving av tilhøyre og fellesskap. I tillegg er det ønskeleg at investeringane kan kome nærmiljøet og lokalsamfunnet til gode.

Arealdelingskulturen må styrkast

I tråd med sentrale føringar om ei meir berekraftig arealutnytting, og i lys av dei resultata arealanalysane viser, må areala på campus Stord i framtida utnyttast på ein betre måte. Ein må bli flinkare til å gjere bruk av både undervisnings- og kontorareal på tvers av fag og fakultet. Delingskulturen må styrkast på campus og fleksible sambruksareal må etablerast. Undervisningsflatene på ettermiddagstid må bli brukt i større grad enn tilfellet er i dag

Søkelys på rehabilitering og gjenbruk

Det følger av dette at ADU ikkje ser det rekningsssvarande med noko nybygg med det første, ein må heller må ha søkelys på modernisering og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse.

Dei rehabiliteringar som skal gjennomførast må gjerast ut frå HVL sine behov for hensiktsmessige undervisningsareal, og ikkje med formål om å drifte verneverdige bygg.

Under blir det skissert ulike tiltak som kan settast i verk på kort og lang sikt (tiltaka er ikkje realitetsvurdert eller utgreia slik dei blir presentert her):

Bygg

- **Konsentrere framtidig campus** (dvs. fase ut perifere/eldre bygg som; Osahaugen, Borg og Thu-huset)
- **Oppruste Annekset** (som ligg sentralt på campus)
- **Oppruste Aulaen** (med fleksibel kapasitet på omlag 120 sitteplassar)
- Det blir vurdert å bygge eit «**VilVite-senter**» i sjøkanten på Rommetveit **til undervisningsformål** (inspirert av skisse frå Institutt for kunsthøgskulen «Fremtidsrettet Kulturhus ved/i sjøen», som er nærmare gjort greie for i ADU sin rapport)
- **Bygge om kontorarealer**, der det er teknisk mogleg - for auka arealutnytting
- **Vurdere å sei opp leigeavtalen av Festsalen**, og bygging av idrettshall i bakkant av fotballbana.



Uteområda

Utvikling av uteområda vil bli gjort i samarbeid med studentane og fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI). Val av nye aktivitetar må i tillegg til undervisningsformål også vere til nytte for nærmiljøet (utanom undervisningstid).

Døme på dette kan vere bygging av volleyballbane, buldre- og klatrepark, utetreningssområde, sosiale sittersoner, drivhus og parsellhage, gapahuk m.m.

Med bakgrunn i campusrapporten og forslaga gjort greie for her, blir det anbefalt å sende Oppdragsbrev til Statsbygg (4Q21) der det går fram at HVL campus Stord har behov for å lage ein heilskapleg arealutviklingsplan med fokus på berekraftig utvikling av bygningsmasse og uteområde.

6.0 Eksterne samarbeidspartnarar og aktørar

Under nemninga eksterne samarbeidspartnarar og aktørar er det mange ulike treffpunkt for campus Stord. Vertskommunen Stord kommune er sentral, det same er andre kommunar i regionen. All næringsverksemd og industri i nærområdet og regionen er potensielle samarbeidspartnarar for høgskulen, både fagleg og kulturelt. Av andre utdanningsinstitusjonar har arbeidsgruppa valt å konsentrere seg om å sjå på folkehøgskulane i campus Stord sitt nærområde. Grunn til dette er at det ligg eit rekrutteringspotensiale mellom folkehøgskulane og HVL som hittil ikkje er maksimalt utnytta, sjå kap 6.3.

På HVL-nivå er det prorektor for samhandling og samfunnskontakt, som har ansvar for å vedlikehalde og utvikle relasjonane til vertskommune, samarbeidsråd, næringsforeining, m.fl. Fakulteta (FLKI, og FHS og FIN) har relasjonar til kommunar, helseføretak, samfunns- og næringsliv på sine område. Her er det eit potensiale for å styrke og forbetre samarbeidet på fleire felt. I dette arbeidet må sjølvsagt fakulteta ha ei sentral rolle i utforminga av samarbeidet.

Eit robust samarbeid med eksterne, regionale aktørar gir rom for (og krev) ein tydeleg definisjon, skildring og teoretisk tilnærming til korleis dette vil skje, og korleis vi skal måle påverknaden (impact) av dette samarbeidet på samfunnet rundt oss. Som første campusutviklingsprosjekt ved eit University of Applied Sciences bør Stord-prosjektet ta stilling til desse områda, gjerne i samanheng med andre sentrale satsingsområde i HVL sin strategi (FoU, internasjonalisering osv). Spørsmålet er om vi klarer å etablere ein samarbeidsmetode med eksterne aktørar som fyller eit hol på det nasjonale/internasjonale nivået når det gjeld samarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og samfunnet rundt oss .

Arbeidsgruppa viser i tillegg til rapporten og tiltaksplanen campusrådet laga i 2019, og vektlegginga på samarbeid med eksterne aktørar.

6.1 Vertskommune

HVL har ei felles interesse med Stord kommune om at kommunen skal vere ein attraktiv bu-, arbeids- og studiestad. Saman bør ein arbeide for å løfte denne interessa slik at den samla rekrutteringa er god. Vertskommunemøte er ein møtearena for å byggje tett samarbeid mellom kommunen og campus Stord. HVL kan ta grep for å ta ein meir tydeleg posisjon og bli den føretrekte partnaren for kommunen i mange saker. Eit forslag er at campus Stord kan invitere til frukostmøte med kommunen på campus to gongar i året for å løfte ulike tematikkar med felles interesser t.d. nye læringstilbod innan livslang læring, skule- og helsefaglege tematikkar, klima- og berekraftspørsmål, rekruttering, entreprenørskap, m.m. Tilsette og studentar på campus og tilsette i kommunen kan få moglegheit til på treffast og utveksle synspunkt.

Stord kommune har ein visjon om å bli nullutsleppskommune innan 2030, og her er det naturleg at HVL har tett samarbeid for å bidra mot dette målet. Klimagrappa på campus Stord kan invitere Stord kommune for å lage ein plan for tett samarbeid kring målet om nullutslepp. Dette kan handle om energiløysingar for nybygg, byggje opp ein skulehage på campus der skular og barnehagar kan kome og lære om å dyrke grønsaker, minske matsvinn, lage kortreist mat og samarbeide om berekraftige transportløysingar mellom campus og sentrum. Det må vere eit mål at campus Stord blir meir tilgjengeleg for innbyggjarane i Stord kommune, og at ein kan tilby Stord kommune samarbeid for å bruke lokale på campus til samfunns- og kulturarrangement. Utandørsarealet til campus bør ha som mål å bli ein stad som inviterer innbyggjarane i kommunen til bruk på sin fritid, og ein stad som kommunen ønskjer å vise fram ved besøk utanfrå.

6.2 Industri og næring

Det er utan tvil eit stort potensiale ved campus Stord for å samarbeide meir målretta med industri- og næringsverksemd. FIN har i dag mange kontaktpunkt og samarbeid i kommune og region. Det å ta desse samarbeida vidare vil vere til det beste for heile organisasjonen HVL. Sjølv om FIN ikkje har noko fagmiljø ved campus Stord i dag, har ein fleire utdanningsprogram i fakultetet som vil kunne bidra til å byggje opp viktig kompetanse i regionen i åra framover.

Stordmodellen, som tidlegare vart gjennomført ved campus Stord i samarbeid med lokalt næringsliv, har blitt vidareutvikla til to fleksible deltidsutdanningar i elkraftteknikk og automatisering med robotikk. Frå hausten 2021 tilbyr høgskulen desse ingeniørutdanningane som nett- og samlingsbaserte utdanningar for folk frå heile landet. Dette gjer at lokalt næringsliv kan halde fram med å vidareutdanne sine fagarbeidarar til ingeniørar, via teknisk fagskule, parallelt med at dei er i jobb.



Høgskulen har også fått tildelt 5 millionar frå KD til å teste ut den «gamle» Stordmodellen på ny. Her jobbar FIN med å få på plass ei utdanning innafør retninga maskiningeniør til hausten 2022 som vil vere lokalisert på Stord.

Eit anna relevant utdanningsprogram i FIN er masterprogrammet i innovasjon og entreprenørskap, som frå hausten 2021 også blir tilbydd som ei deltidsutdanning (50 % over 4 år). Her ligg det eit stort potensial for å kople konseptet rundt «industrimaster», som vart løfta fram på campusverkstaden, med dette masterprogrammet. Ved å få til eit systematisk samarbeid med bedrifter, næringsklynger og katapultsenter i regionen der dette masterprogrammet ligg til grunn og der næringslivet kan ta ansvar for den eine halvdelen av utdanningsløpet, vil ein slik type «industrimaster» kunne vere mogleg å få på plass. Dette vil nødvendigvis krevje eit forpliktande samarbeid med fleire relevante aktørar i regionen.

6.3 Folkehøgskulane

Arbeidsgruppa har invitert Stord, Bømlo og Sunnhordland folkehøgskular for å diskutera moglegheiter for eit tettare samarbeid med HVL. I møte kom det fram at det er ønskjeleg å finne felles møtearenaer for studentar og tilsette, til dømes gjennom felles arrangement på campus og på folkehøgskulane. I tillegg blei det diskutert å arbeide frem felles materiell for marknadsføring. Felles forskingsprosjekt kan vere tiltak som kan bidra til å gi elevane gode erfaringar med HVL og innebere eit meir forpliktande samarbeid over tid. Som ei konsekvens av eit tettare samarbeid vil både campus Stord og folkehøgskulane kunne få fordelar som kan bidra til meir attraktive institusjonar. Ei anna styrking av samarbeidet vil vere å bli meir bevisst på kva moglegheiter det er for HVL å rekruttere studentar frå dei elevane som går eit år på folkehøgskule i kommunen/regionen. Gjennom felles arrangement kan elevar frå folkehøgskulane få ei god innføring i kva studiemoglegheiter det er ved HVL, og samstundes gode moglegheiter for å byggje viktige relasjonar med studentar og tilsette på campus.